



Fraser og Hamish (16) leiger båt av Magne Heggøy

**Liten trafikk av bubilar, men godt belegg på hyttene. Slik er konklusjonen førebels for Rabben Feriesenter foran sommaren. Men tyskarane sviktar ikkje, dei har allereie vore her. Dagleg leiar Magne Heggøy opplysar til uskedalen.no at utsiktene er lovande i sum foran sesongen sjølv om trafikken kunne vore større. Både i juli og august er det fullt på hyttene.**

**- Vi får håpa på betre ver, seier Heggøy som nyttar sundagettermiddagen til å leiga ut ein båt til ein far og den 16 år gamle sonen hans frå det nordlige Wales. Han har sendt avgarde 10 medlemmer av Hordaland Landroverklubb som har hatt treff på Rabben i helga og kost seg i finveret.**

I september kjem det ei gruppe frå Bergen som skal klatra.

- Tyskarane kjem ved også med grupper?

- Jau, Siggs Klemm frå Bayern sviktar heller ikkje i år sjølv om han har langt mindre grupper enn tidligare. Han kjem med mellom 8 og 12 gjester 2. juli. I tillegg kjem dei som kan kallast dei faste tyskerane. Og så ventar vi sjølv sagt på nordmennene i denne månaden, seier Heggøy som kan ynskje velkommen til eit kraftig opprusta feriesenter. Men nokp det står det att å gjera - det fortel hammarslag om. Litauarar er i arbeid sjølv om det er sundag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Også Magne Heggøy håpar på betre ver